



Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Gry Walle, 5557 2332

Fråsegn til søknad om nedlegging av dam Storediket i Bergen kommune

Statsforvaltaren har ingen avgjerande merknadar til nedlegging av dam Stordiket.

Vi viser til oversendinga datert 13. mai 2022.

Bakgrunn

Dam Storediket overheld ikkje dagens krav til damtryggleik, og Bergen kommune ønskjer difor å legge ned dammen. Dam Storediket er ein kombinert murdam og fyllingsdam bygd i 1920-21. Murdelen er om lag 100 meter lang og fyllingsdamdelen er om lag 30 meter.

Fyllingsdamdelen skal fjernast, og ein ny kanal skal sprengast ut, for å kople saman nytt vatn med eksisterande bekk. Vasstanden i magasinet vil senkast om lag 12 meter, ned til kote 367. Senkinga vil føre til at dagens magasin vert delt i to mindre vatn, med ein bekk mellom.

Murdelen skal stå att, som kulturminne. Turstien over dammen skal oppretthaldast, ved å etablere hengebru over til murdelen. Det vert vurdert å etablere tursti over den gamle stemma, som i dag ligg inne i dammen.

Stadeigne masser frå graving og sprenging skal deponerast mellom murdammen, ny kanal og nytt vatn.

Området er eit mykje brukt friluftsområde. For å redusere tida det tar å revegetere området, er det vurdert å plante ut ny vegetasjon.

Vår vurdering

Vi kjenner ikkje til viktig naturmiljø eller raudlistearter som kan komme i konflikt med nedlegging av dam Storediket. Nedlegging av dammen vil tilbakeføre vatna til nær naturtilstand.

Status på auren i magasinet er usikker. Redusert areal vil føre til auka tettleikar og sannsynlegvis redusert kondisjon. Stamma vil tilpasse seg nytt areal og næringsgrunnlag på sikt.



Området er eit viktig friluftslivsområde. Fram til vegetasjonen er plass, vil nedlegginga kunne påverke opplevinga. Etablering av ny sti over gammal stemme er etter vårt syn eit godt tiltak.

Vi rår til at vegetasjon får etablere seg naturleg etter nedlegging av dammen. Om det likevel vert vurdert planting, må det vere med naturleg førekommande artar, med lokal genetikk.

Om mogleg, bør den utsprengte kanalen utformast med eit mest mogleg naturleg preg.

Med helsing

Anniken Friis
seniorrådgjevar

Gry Walle
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Bergen kommune
Miljødirektoratet

Postboks 7700
Postboks 5672
Torgarden

5020 BERGEN
7485 TRONDHEIM

Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland v/
Bergen Turlag

Tverrgt. 4/6

5017 BERGEN